

Arbeidsordre om deponering

av elektronisk arkiv til digitalt sikringsmagasin

Innleiing

Arbeidsordren regulerer deponering av elektronisk arkivmateriale til digitalt sikringsmagasin.

For arkiveigar og utførar gjeld vilkåra som er gjeve i driftsavtala, tenesteskildringa og arbeidsordren.

Om det er meir elektronisk arkiv som skal tilhøyre deponeringa, skal det bli laga ei tilleggsordre.

Arkiveigar sitt ansvar

Arkiveigar er ansvarleg for kartlegging av systema, bevaringsvurdering og produksjon av uttrekk. Arkiveigar er vidare ansvarleg for at arkivuttrekket blir pakka i ei deponeringspakke (SIP) etter utførar sine retningsliner, og at innleveringspakken blir transportert til depot på ein trygg måte, med mindre noko anna er avtalt.

Om arkiveigar leverer eit uttrekk som etter testing ikkje er i tråd med krava til Arkivverket, må arkiveigar ta ansvaret for og kostnadene med produksjon av eit nytt uttrekk.

Dei ulike punkta blir gjort nærare greie for i produksjonsløypa. Avvik mellom produksjonsløype og ansvarsforhold mellom utførar og arkiveigar skal avtalast særskilt under utførar sitt ansvarsområde.

Utførar sitt ansvar

Utførar skal stå for mottak, testing og godkjenning av innlevert uttrekk. Utførar skal produsere ein arkivpakke for langtidsbevaring (AIP) og lagre denne i elektronisk sikringsmagasin.

System omfatta av arbeidsordren

Kommune/arkivskapar	Systemnamn	Periode
Modalen kommune	Acos Sosial	2014-2019

Modalen kommune	CGM Winmed	2001-2012
Modalen kommune	Visma Barnehage	2009-2020
Modalen kommune	Visma Skole	2009-2019

Arbeide dekka av depotavtala.

Gjennom depotavtala, får arkiveigar årleg dekka inntil 1 dagsverk med arbeide knytt til deponering av elektroniske arkiv til digitalt sikringsmagasin.

Arbeide utover 7,5 timer årlig vert fakturert ut i frå kor mange timer som faktisk vert brukt.

Fakturering og pris

Ordren vert utført fortløpande etter tilgjengelege ressursar.

Det er estimert at det vil ta **45 timer** å utføre arbeidet. Estimatelet er eit overslag. Arkiveigar vert fakturert ut frå kor mange timer som faktisk blir brukt i arbeide.

All inntekt til utførar er å rekne som tilskot og selskapet har ikkje erverv som føremål. Det skal difor ikkje reknast moms på prisane.

Oppgåve	Timepris	Antall timer	Pris
Arbeide inkludert i depotavtala	621,-	7,5	-
Arbeide ut over 7,5 timer	621,-		
Produksjon av uttrekk og deponeringspakke (SIP)	621,-	45	27 945,-

Oppgåve	Timepris	Antall timer	Pris
Mottak, testing og godkjenning av innlevert uttrekk	621,-	45	27 945,-
Produksjon av arkivpakke for langtidslagring (AIP) og lagring i elektronisk depot.	621,-	45	27 945,-
Berekna totalpris		127,5	79 177,-

Fullføringskriterier

Oppdraget er å rekna som fullført når følgjande vilkår er oppfylt:

Alle system som er inkludert i avtalen er lagra i digitalt depot i samsvar med produksjonsløypa.

Det er oppretta katalogreferanse i ASTA.

Arkivegar har fått kvittering på at systema er lagra i digitalt depot og at oppdraget er utført.

Utførar og / eller arkiveigar har rett til å stoppe oppdraget som enno ikkje er levert med eit varsel på 30 arbeidsdagar til den andre parten.